



2016

HEMSEDAL KOMMUNE



TERTIALRAPPORT

1/2016

HEMSEDAL KOMMUNE – TOTALOVERSIKT

Hemsedal 1.tertial.2016	Regnskap 2016	Per.b(end)2016	Avvik(per)	Regnskap 2015	Per.b(end)2015	Avvik(per)
10 LØNN OG SOSIALE KOSTNADER	48 516 127	42 686 495	5 829 632	47 183 954	40 972 600	6 211 354
11 KJØP AV VARER/TJEN. SOM INNGÅR I KOMM. EGENPROD	11 558 795	10 501 425	1 057 370	11 433 325	10 072 393	1 360 933
13 KJØP AV TJEN. SOM ERSTATTER KOMM. EGENPROD	9 085 967	10 997 365	-1 911 399	9 367 392	9 536 256	-168 864
14 OVERFØRINGSUTGIFTER	3 612 230	3 719 995	-107 765	3 866 255	4 382 679	-516 424
15 FINANSUTGIFTER	3 955 928	7 323 243	-3 367 315	4 480 995	9 385 162	-4 904 167
Sum utgifter	76 729 046	75 228 524	1 500 523	76 331 922	74 349 090	1 982 832
16 SALGSINNTEKTER	-20 171 377	-12 777 806	-7 393 570	-15 906 877	-11 668 004	-4 238 873
17 REFUSJONER	-4 618 729	-4 175 118	-443 611	-5 433 592	-4 115 257	-1 318 335
18 OVERFØRINGSINNTEKTER	-62 585 193	-51 780 913	-10 804 280	-55 966 236	-49 307 167	-6 659 069
19 FINANSINNTEKTER OG FINANSIERINGSTRANS.	-516 134	-6 494 687	5 978 552	-79 153	-9 258 662	9 179 509
Sum inntekter	-87 891 433	-75 228 524	-12 662 910	-77 385 858	-74 349 090	-3 036 768
TOTALT	-11 162 387	0	-11 162 387	-1 053 936	0	-1 053 936

Tabellen over viser totaloversikten for Hemsedal kommune akkumulert pr. fyrste tertial. Totaloversikten viser det samla resultatet frå dei forskjellige etatane; sentraladministrasjon, kultur og oppvekst, helse og omsorg og teknisk.

Konklusjonen for resultatet til kommunen etter fyrste tertial er at budsjettert overskot (reservert som formannskapetets disposisjonsfond) på kr. 218.167 er innan rekkevidde. Inntektssida kan bli over budsjett. På utgiftssida har vi nokre utfordringar med lønsbudsjettet, men mykje av avviket vil bli finansiert ved refusjonar og auka inntekter. Det ser og ut til å bli netto negativt premieavvik i år også. Lønsbudsjettet har same periodisering i 2016 som i 2015. Samanlikna med 2015 ligger løn kr. 400.000 betre enn same tid i fjor.

lønn pr.30.4.2016	Regnskap	Per.b(end)	Avvik(per.)	Ref.sjukep.	Reelt avvik	Regnskap	Per.b(end)	Avvik(per.)	Ref.sjukep.	Reelt avvik
	2016	2016	0	2016	2016	2015	2015	0	2015	2015
10 Sentraladm	3 666 596	3 321 667	344 930	-178 484	166 446	3 534 538	3 213 789	320 750	-122 673	198 077
20 Kultur og oppvekst	20 547 335	16 896 717	3 650 616	-1 179 270	2 471 346	20 235 335	16 461 525	3 773 810	-920 150	2 853 660
30 Helse og omsorg	17 245 692	15 651 667	1 594 025	-422 865	1 171 160	16 376 663	14 880 871	1 495 792	-585 339	910 453
40 Teknisk	7 056 503	6 816 444	240 059	-168 574	71 485	7 037 418	6 416 415	621 002	-310 374	310 628
TOTALT	48 516 126	42 686 495	5 829 630	-1 949 193	3 880 437	47 183 954	40 972 600	6 211 354	-1 938 536	4 272 818

Lønnsbudsjettet viser eit reelt avvik på kr. 3,8 mill etter refusjon sjukepengar. Dette vil betre seg mot slutten av året, samtidig vil mykje bli dekkja inn ved refusjonar og brukarbetaling.

SENTRALADMINISTRASJONEN

10 Sentraladm	Regnskap 2016	Per.b(end)2016	Avvik(per)	Regnskap 2015	Per.b(end)2015	Avvik(per.)
10 LØNN OG SOSIALE KOSTNADER	3 666 596	3 321 667	344 930	3 534 538	3 213 789	320 750
11 KJØP AV VARER/TJEN. SOM INNGÅR I KOMM. EGENPROD	2 779 772	2 252 926	526 846	2 842 760	2 146 513	696 247
13 KJØP AV TJEN. SOM ERSTATTER KOMM. EGENPROD.	812 617	596 433	216 184	733 390	576 088	157 302
14 OVERFØRINGSUTGIFTER	173 102	1 983 722	-1 810 620	145 051	2 535 695	-2 390 644
15 FINANSUTGIFTER	3 955 928	6 280 243	-2 324 315	4 480 363	8 011 162	-3 530 799
Sum utgifter	11 388 016	14 434 992	-3 046 976	11 736 102	16 483 247	-4 747 145
16 SALGSINNTEKTER	-13 912	-113 677	99 765	-38 521	-107 910	69 389
17 REFUSJONER	-1 502 595	-1 172 713	-329 881	-1 509 185	-1 151 000	-358 185
18 OVERFØRINGSINNTEKTER	-62 582 843	-50 772 580	-11 810 264	-55 905 426	-48 380 000	-7 525 426
19 FINANSINNTEKTER OG FINANSIERINGSTRANSAKSJONER	-505 586	-4 976 520	4 470 934	-76 153	-7 354 995	7 278 842
Sum inntekter	-64 604 936	-57 035 490	-7 569 446	-57 529 285	-56 993 905	-535 380
Sum gruppeansv.: 10 Sentraladm	-53 216 920	-42 600 498	-10 616 422	-45 793 183	-40 510 658	-5 282 525

Løn og sosiale kostnader (gruppe 10) er i tråd med budsjettet.

Kjøp av varer og tenester (gruppe 11 og 13) er i tråd med budsjettet. Meirforbruket i gruppe 11 og 13 på kr 743 030 mill. skuldast periodisering av kostnadane.

Overføringsutgifter (gruppe 14) viser eit mindreforbruk på kr. 1 810 620 pr. andre tertial. Dette er ikkje eit reelt avvik, men skuldast rekneskapsteknisk føring av av formannskapetets disposisjonskonto og budsjettert reguleringspremie for kommunens pensjonskostnader. Det er ikkje venta positivt premieavvik i år i motsetnad til tidlegare år.

Finansutgifter (gruppe 15) viser eit positivt avvik på kr.2.324.315 i forhold til budsjett. Dette skuldast periodisering av utgifter (avskrivningar som vert ført i desember). Det er grunn til å tru at finansutgifter vil bli i tråd med budsjett. Dette føreset at kommunen betalar ned den langsiktige gjelda over 25 år jf. handlingsprogrammet.

Inntektssida er kr. 7,5 mill over budsjettet. Dette skuldas at skatt- og rammeoverføringa er kr.5,8 mill. over budsjett og kr. 0,5 mill aksjeutbytte frå Strupa Hyttefelt AS . Det er feilført ca. kr.4 mill på andre statleg overføringar (midla til voksen opplæring skulle ha vore ført under kultur-og oppvekst). Dette vert korrigert i mai. Dette føreset ein skattingang på kr. 66,5 mill i 2016. Det er alltid usikkerheit knytt til skatteinngangen så dette kan ein ikkje si sikkert før året er omme.

KULTUR OG OPPVEKSTETATEN

	20 Kultur og oppvekst	Regnskap 2016	Per.b(end)2016	Avvik(per)	Regnskap 2015	Per.b(end)2015	Avvik(per.)
10	LØNN OG SOSIALE KOSTNADER	20 547 335	16 896 717	3 650 618	20 235 335	16 461 525	3 773 810
11	KJØP AV VARER/TJEN. SOM INNGÅR I KOMM. EGENPROD	1 820 099	1 747 113	72 986	2 330 903	1 811 146	519 757
13	KJØP AV TJEN. SOM ERSTATTER KOMM. EGENPROD.	715 342	684 728	30 614	555 950	650 499	-94 549
14	OVERFØRINGSUTGIFTER	1 370 492	799 956	570 536	1 337 556	738 944	598 612
15	FINANSUTGIFTER	0	0	0	293	0	293
	Sum utgifter	24 453 268	20 128 514	4 324 754	24 460 037	19 662 114	4 797 924
16	SALGSINNTEKTER	-2 513 399	-1 826 159	-687 239	-2 454 810	-1 585 683	-869 127
17	REFUSJONER	-1 783 586	-206 404	-1 577 182	-2 018 116	-296 661	-1 721 455
18	OVERFØRINGSINNTEKTER	0	-81 000	81 000	-57 000	0	-57 000
19	FINANSINNTEKTER OG FINANSIERINGSTRANSAKSJONER	0	0	0	-3 000	0	-3 000
	Sum inntekter	-4 296 985	-2 113 564	-2 183 421	-4 532 926	-1 882 344	-2 650 583
	Sum gruppeansv.: 20 Kultur og oppvekst	20 156 283	18 014 950	2 141 333	19 927 111	17 779 770	2 147 341

Kultur- og oppvekst består av resultateiningane Kultur- og oppvekstsjef, Rektor Hemsedal barne- og ungdomskule, Rektor Tuv skule, Styrar Tuv barnehage, Rektor Ulså skule, Styrar Ulså barnehage, Rektor musikk- og kulturskula og Folkebiblioteket. Resultatet for Kultur- og oppvekstsektoren pr. 1. tertial viser eit meirforbruk på 2 141 333 kr for sektoren.

Løn og sosiale kostnader; meirforbruket skuldast periodisering. Meirforbruket blir dekkja inn av auka salsinntekter (16) og refusjonar (11). Vi vil ta imot statelege refusjonar i andre tertial.

Kjøp av varer og tenester Ingen merknad.

Kjøp av tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon. Ingen merknad

Overføringsutgifter; Meirforbruket skuldast periodisering. Det er delt ut 369 000 kr i kulturmidlar. Det står att å dele ut 53 000kr.

Salsinntekter er høgare enn budsjett. Dette gjeld i hovudsak barnehage og SFO. Auka inntekter dekkjer auka løns- og andre driftskostnader.

Refusjonar: Meirinntekt gjeld sjukelønnsrefusjona og fødselspermisjonrefusjona.

Elevane sitt psykososiale miljø opplæringslova §9a-3

1. To elevar er meldt i høve §9a-3
2. To enkeltvedtak er fatta. Tiltak sett i verk
3. Eitt tiltak er avslutta

Hemsedal kommune vedtok i K-sak 44/15 å arbeide vidare med modell 3, sentralskule for 1.-10. klasse ved HBU

Det er tidlegare løyvd 250 000 kr til arbeidet. Kommunestyret har tidlegare vedteke Temaplan for Bygdeheimen, der ein må sjå på framtidig arealbehov for helse og omsorg. Arbeide med områdeplan for Trøym aust pågår, der ein mellom anna skal sikre areal for skule, helse og andre offentlege føremål, herunder flyktninge- og seniorbustad, for framtida. Vi har knytt til oss Asplan Viak som gjennomfører trafikkanalyse og moglegheitsstudie med skisseprosjekt, og dei legg fram ei samla vurdering i høve trafikk, eigedom, skule- og helse/ omsorg. Vi får ei vurdering av arealet og korleis dette kan optimaliserast i juni 2016.

HELSE- OG OMSORGSETATEN

	30 Helse og omsorg	Regnskap 2016	Per.b(end)2016	Avvik(per)	Regnskap 2015	Per.b(end)2015	Avvik(per.)
10	LØNN OG SOSIALE KOSTNADER	17 245 692	15 651 667	1 594 025	16 376 663	14 880 871	1 495 792
11	KJØP AV VARER/TJEN. SOM INNGÅR I KOMM. EGENPROD	1 451 768	1 434 670	17 099	1 507 398	1 435 123	72 275
13	KJØP AV TJEN. SOM ERSTATTER KOMM. EGENPROD.	2 702 748	6 221 451	-3 518 703	3 804 825	5 146 136	-1 341 311
14	OVERFØRINGSUTGIFTER	594 341	215 317	379 024	590 036	208 041	381 995
	Sum utgifter	21 994 549	23 523 104	-1 528 555	22 278 921	21 670 171	608 751
16	SALGSINNTEKTER	-1 512 958	-1 339 733	-173 225	-1 207 474	-1 337 067	129 592
17	REFUSJONER	-1 031 961	-2 523 333	1 491 372	-1 612 179	-2 460 233	848 054
18	OVERFØRINGSINNTEKTER	-2 350	0	-2 350	-3 810	0	-3 810
19	FINANSINNTEKTER OG FINANSIERINGSTRANSAKSJONER	-10 548	-100 000	89 452	0	-100 000	100 000
	Sum inntekter	-2 557 817	-3 963 067	1 405 249	-2 823 464	-3 897 300	1 073 836
	Sum gruppeansv.: 30 Helse og omsorg	19 436 732	19 560 037	-123 306	19 455 457	17 772 871	1 682 587

Helse og omsorgsetaten består av resultateiningar, helsestasjon, psykisk helseteneste, legeteneste og legevakt, fysioterapi og friskliv, koordinerande eining, sjukeheim, heimeteneste og Bråtenjordet bu -og avlastningstiltak. I tillegg ligg ein del interkommunale samarbeidstiltak inn under helse og omsorg.

Når ein tek omsyn til refusjon sjukepengar og fødselspermisjon er det ingen store avvik på **løn og sosiale kostnader**. Det vart dei 4 første månadene sett inn ekstraressursar ved helsestasjon og legeteneste i samband med oppretting av nytt mottak og mellombels innkvartering for asylsøkjjarar. Ved psykisk helse og helsestasjon er det oppretta prosjektstillingar som må sjåast opp mot statlege prosjektmidlar/avsetning på bunde fond. Ved fråvær blir det vurdert om det skal leigast inn vikar. Det har også vore noko lågare fråvær i år enn i 2015.

Rekneskapsrapport 1. tertial viser eit underforbruk på **kjøp av varer og tenester**. Det er ikkje utgiftsført refusjonskrav for første tertial frå Gol kommune/NAV Gol og Hemsedal. Kommunen får også for ein del refusjonskrav ved årslutt for interkommunale samarbeidsprosjekt. Det er blitt kjøpt inn fleire tolketenester enn

budsjettert.

Hallingdal Barnevernsteneste har i sin tertialrapport rapportert at Hemsedal må rekne med eit overforbruk i 2016 på kr. 800 000 på teneste 2521. NAV Gol og Hemsedal har eigen oversikt rapportert til rådmannen om eit at utbetaling av økonomisk stønad er noko lågare enn for same tidsrom i 2015. Auke av ressursar i flyktningsteneste, jf budsjettvedtak 104/15, skjer først frå august 2015. Det har vore mindre utsøking til kommunar i høve til busetting av flyktningar i 1. tertial. IMDI har varsla i eige brev at det vil bli eit auka behov for busetting i tida framover. Aktivitetsplikt for sosialhjelp blir først innført frå år 2017.

Omfanget av kjøp av tenester frå eksterne aktørar er redusert eller avslutta, og erstatta med eit kommunalt tenestetilbod. Dette gjeld Inn på tunet tenester og brukarstyrt personleg assistanse.

Når det gjeld **overføringsutgifter** er forutan momskompensasjon halvårig overføring til Hallingdal krisesenter, årleg overføring til Hemsedal Frivilligsentral.

Salsinntekter er om lag som budsjettert.

Refusjonar gjeld i hovudsak refusjon sjukepengar og fødselspermisjonar. I all hovudsak blir dei store refusjonsinntektene inntektsført på slutten av året. Kommunen har fått prosjektmidlar til dag- og aktivitet stilbod for demente med kr 285 200 som er inntektsført 1. tertial.

TEKNISK ETAT

	40 Teknisk	Regnskap 2016	Per.b(end)2016	Avvik(per)	Regnskap 2015	Per.b(end)2015	Avvik(per.)
10	LØNN OG SOSIALE KOSTNADER	7 056 503	6 816 444	240 059	7 037 418	6 416 415	621 002
11	KJØP AV VARER/TJEN. SOM INNGÅR I KOMM. EGENPROD	5 507 156	5 066 717	440 440	4 752 264	4 679 610	72 654
13	KJØP AV TJEN. SOM ERSTATTER KOMM. EGENPROD.	4 855 260	3 494 753	1 360 507	4 273 228	3 163 533	1 109 695
14	OVERFØRINGSUTGIFTER	1 474 294	721 000	753 294	1 793 612	900 000	893 612
15	FINANSUTGIFTER	0	1 043 000	-1 043 000	339	1 374 000	-1 373 661
	Sum utgifter	18 893 213	17 141 914	1 751 300	17 856 861	16 533 559	1 323 302
16	SALGSINNTEKTER	-16 131 108	-9 498 237	-6 632 871	-12 206 071	-8 637 345	-3 568 726
17	REFUSJONER	-300 588	-272 667	-27 921	-294 112	-207 363	-86 749
18	OVERFØRINGSINNTEKTER	0	-927 333	927 333	0	-927 167	927 167
19	FINANSINNTEKTER OG FINANSIERINGSTRANSAKSJONER	0	-1 418 167	1 418 167	0	-1 803 667	1 803 667
	Sum inntekter	-16 431 696	-12 116 404	-4 315 292	-12 500 183	-11 575 541	-924 642
	Sum gruppeansv.: 40 Teknisk	2 461 517	5 025 510	-2 563 992	5 356 678	4 958 018	398 660

Tabellen viser økonomisk resultat for resultateiningane 3010 Teknisk sjef, 3100 Eigedom, 3200 Teknisk drift og 3400 Landbruk og Næring.

Avvik på kjøp av **varer og tenester**, men også salsinntekter skuldast i hovudsak periodisering av kostnader og inntekter på sjølvkostområdet.

Det er verdt å merke seg at utvidinga av parkeringsplassen på Gravset har medført ei auke på kr. 150.000,- i brøyteutgifter, samstundes med at utvidinga av bustadfeltet på Svøo og Fiskum har gitt noko høgare driftskostnader. Samla bør ein auke driftsramma på kr. 350.000,- innan tenesteområdet «Kommunale veger». Eigedom legg fram ei samla tilstandsrapport for eigedomsmassen der eventuelle nye tiltak vert innarbeida i økonomiplan 2017-2020.

Når det gjeld salsinntekter 1. tertial er det inntektsført meir inntekter enn budsjettert. Det er framleis

tilknytningsavgiftane som er høge, jfr. utbygging i Holdeskarområdet. Grunna periodisering vert det likevel ikkje venta store avvik i høve budsjett i inntekter ved årsslutt.

Innan vatn er sjølvkostfondet forelda i høve 5 års regelen. Det er ikkje fakturert fastledd for løpande vass- eller kloakkavgift for fyrste halvår 2016. Fastleddavgift for vatn andre halvår 2016 vert heller ikkje utskrive. Det vert foreslått at endringa vert innarbeida i revidert budsjett for 2016. Fastleddavgifta for avløp vert skrive ut på vanleg måte. Dette medfører at om lag kr. 1,5 mill må avsettast på bunde avløpsfond, ved årsslutt 2016, noko som vil ha negativ resultatverknad.


Overføringsutgifter skuldast i hovudsak moms og fondsbruk. Årlege inntekter frå konsesjonsavgift blir ført under **overføringsinntekter**. Avvik frå budsjettet skuldast periodisering.

Avvik **refusjonar** er i hovudsak sjukerefusjonar som ikkje blir budsjettert. Av andre budsjetterte refusjonar ligg mellom anna overføring frå Gol kommune som kompensasjon for delt miljøvernleiarstilling, samt refunderte tinglysingskostnader frå private i samband med oppmålingsarbeid.

Avvik personal vert i hovudsak rapportert på makronivå, men fråvær i etaten er svært lågt.

PERSONELL

Tabellen over viser sjukefråværet pr. månad frå 2013 og fram til 1. tertial 2016. Sjukefråværet i dei fire fyrste månadane av 2016 er 1,6 % lågare enn same periode i fjor. Turnover 1. tertial 2016 er på 1,88 %.



INVESTERINGSBUDSJETTET

Generelle kommentarer:

Tabellen under syner status for dei ulike investeringsprosjekta. Kolona «*Budsjett 2016*» angir vedteken budsjett for 2016.

Oversyn over investeringar pr 1. tertial 2016

Oversyn over investeringar pr 1. tertial 2016				
	Gjennomføres som planlagt innenfor vedteke ramme			
	Usikkerhet ifht gjennomføring og/ eller kostnader (sjå kostnader)			
	Avvik			
P. nr	Prosjektnavn	Budsjett 2016	Prognose 2016	Avvik
012	Kjøp av IT utstyr til skolen/bhgl/kulturskule	1620 000	1620 000	
015	Investeringer inventar skule	328 000	328 000	
031	Eigenkapitalinnskott KLP	510 000	510 000	
049	Tiltak trafikktryggleiksplan	125 000	125 000	
073	Fløgovegen	150 000	375 000	
048	Asfalt Svøvegen	780 000	780 000	
164	EPC - gjennomføringsfasen	8 400 000	3 000 000	
111	Ajourhold kart baser	200 000	253 000	
027	Hustadvegen	450 000	535 000	
201	Etablering av Kyrkjegården - VAI Posthuset	400 000	500 000	
NY	Helsesenter - kontor, akuttrum og venterom	1 000 000	2 500 000	
234	Sikkerhetstiltak - adgangskontroll Tuv, Ulså	300 000	300 000	
239	Lettare gangveg - Moa vegen - Tuv Bustadfelt	1 000 000	1 000 000	
105	Nytt tak Ulså skule - Gymsalen	600 000	350 000	
238	Bustad vanskeligstilte og busetting av flyktningar - Fiskum	11 000 000		
026	Tiltak beredskapsplan - aggregat - strøm til lys og anna el. utstyr	300 000	300 000	
020	Tiltak gamal Venås bru - overtaking og sikring feilnr.	300 000	300 000	
	Sum ordinære anleggsmidler	27 463 000	12 776 000	
	Herav ord.e anleggsmidler som gir mva- refusjon	15 953 000	12 266 000	
160	Rehabilitering av ledningsnett (Ulså)	700 000	700 000	
150	Veg og VA, Haugavegen, Tunvegen og Trøimsvegen	500 000		
139	Utjamning Trøim RÅ - ny innløpsløsning - kapasitetsøkning	1 500 000		
108	Utviding av høgdebasseng Holdebakken - ref. HIAS- avtalen	2 300 000		
151	VA-ledning Bruhaug-Trøim	2 900 000	2 900 000	
228	Utbygging VA-nett Tinden	6 962 500	6 962 500	
152	Containerløsning m/luftfjerningsanlegg	1 000 000	1 000 000	
	Sum VAR-investeringar	15 862 500	11 562 500	
	Sum bustaduvikling	0		
	TOTALT	43 325 500	24 338 500	

Kommentarar til avvika

Kommentarar til revidert budsjett

Prosjekt 073 Fløgovegen

Ramma i 2016 justert opp med kr. 225.000,- etter anbod på asfalt. Ser og at det er behov for å asfaltere noko meir enn først antatt.

Prosjekt 027 Hustadvegen

Ramma i 2016 justert opp med kr. 85.000,- etter anbod på asfalt.

Prosjekt 164 EPC - Energimerking av bygg og gjennomføring av tiltak

Ramma justert i tråd med K-styrevedtak i 20/16. Moms frå investeringane vert ført attende og går inn som ein del av investeringa. Oppstart vert forskyvd, og den største delen kjem på 2017.

Prosjekt 150 Veg og VA, Haugavegen, Tunvegen og Trøimsvegen

Prosjektet utsettes fram til ny skule- og barnehagestruktur vert avgjort da dette i stor grad vil kunne påverke kva som skal byggast ut i dette området. Midlar avsett i 2016 vert flytta til 2017, midlar avsatt i 2017 vert flytta til 2018 osb.

Prosjekt 201 - Etablering av Kyrkjegård

Ei auke på kr 100.000,- vert grunngjeve med tilleggskostnader knytt til gjerding, men mest til massetiløyring. - heile 650 kbm meir enn budsjett.

Prosjekt 108 Utviding av høgdebasseng Holdebakken - ref. HIAS- avtalen

Løyvinga vert forskyvd eit år. Årsak: kapasitet og gjennomføringsevne i administrasjonen

Helsesenter - ambulansekontor

Etter ein lengre avklaringsprosess innan helse, m.t.p. samla behov på kort/lang sikrt for legekontor/ambulanse vert ramma auka med kr. 1.500.000 som dekker tilbygg fgarderobe for ambulanse, og tilpasningar for legekontora med eit nytt legekontor, og endra logistikk..

Prosjekt nytt tak Ulsåk skule - Gymsal

Ramma vert justert ned med kr. 250.000,- sidan tiltaket vert dekkja inn gjennom EPC.

Prosjekt 238 Bustad for vanskelegstilte

Tiltaket vert skyvd ut til 2017, jfr. stadfesting frå NAV om at ledige kommunale bustader dekker behovet i 2016.

Prosjekt 111 - Ky kartkonstruksjon

Stadfesta pris er no kr. 253.000,-. Det vert lagt inn ei auke på kr. 53.000 i revidert budsjett

Prosjekt 239 - Moavegen - Tuv Bustadfelt

Usikkerhet i høve gjennomføring. Manglande avklaring grunneigar.

Investeringar – inntekter

Pr. utgangen av 1. tertial ser det ut som at salsinntektene (bustad, og hyttetomter) for året vert noko høgare enn budsjettet. Det er selt 2 tomter i Golf Alpin, samt tomter i Strupa Gravset som vert tilført kapitalrekneskapen.

Inntekter – kapitalrekneskapen	2016	Rev 2016	Revidert 2017	Revidert 2018	Revidert 2019
Sal av tomter	180 000	500 000	180 000	180 000	180 000
Sal av tomter Svøo III	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Sal av tomter Fiskum bustadfelt samt tomt Flykningar	1 800 000	5 000 000	2 700 000	1 800 000	1 800 000
Sal av industriareal Svøo	150 000	130 000	0	0	0
Sal av eigedom - (tomter frå Båstø - Strupa Gravset)	0	1 500 000	0	0	0
Spelemidlar - kultursalen			3 000 000	0	0
Tilskot omsorgsbustader				5 000 000	
Tilskot trafikktryggleik/ gang/ sykkelveg - Kyrkjebøvege	75 000	75 000	0	75 000	75 000
Flytningsbustad - anleggstilskost Husbanken	3 300 000		0		
EPC- Enova tilskott			1 200 000		
Anleggsbidrag VA-nett Tinden	5 000 000		5 000 000	0	0
Anleggstilskot (HIAS)	2 000 000	2 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
MVA refusjon - ordinære anleggsmidlar	3 190 600	2 453 200	0	2 299 500	799 500
SUM	16 695 600	12 658 200	18 080 000	15 354 500	8 854 500

Status kommunestyresaker.

1/16	Meldingar til møte i kommunestyret 04.02.2016	Vedtak Kommunestyret har ingen merknad til meldingane
2/16	Hemsedal Energi KF - Endring av clearingløyising for finansiell handel av kraft hjå NASDAQ	Vedtak 1. Kommunestyret godkjenner at Hemsedal Energi KF får godkjenning til å kunne gjennomføre valutasikring av strømderivat. 2. Kommunestyret godkjenner at Hemsedal Energi KF får godkjenning til å endre clearingløyising slik at ein bank står som General Clearing Member (GCM) på vegne av Hemsedal Energi KF overfor NASDAQ.
3/16	70/3 Søre Fekene - Førespurnad om å detaljplanlegge hyttefelt på stølen Krøssleino - Bulidalen. Planavklaring etter pbl. § 12-8	Vedtak Hemsedal kommunestyret vil med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-8 og 12-11 ikkje rå til at det vert fremma privat detaljreguleringsplan for Fekjastølen omfatta av planførespurnad, datert den 25.03.2015. Grunngjevinga er: 1. Tenkt regulering er ikkje i samsvar med kommuneplan for Hemsedal 2011- 2023, planid: 2011001, vedtatt 08.12.2011 2. Vurdering av private og økonomiske interesser opp mot samfunnsinteresser, i dette tilfellet fortetting og bygging i eit til dels sårbart område, må gjerast gjennom overordna plan
4/16	Huso Fjellgard - 1997006 - Søknad om justering av reguleringsplan - planavklaring etter pbl. §12-8.	Vedtak Hemsedal kommunestyret vil med heimel i plan- og bygningslova § 12-8 ikkje rå til at det vert fremma endring/utviding av eksisterande reguleringsplan for Huso Fjellgård, planid: 1997006. Grunngjevinga er: 1. Område eksisterande reguleringsplan er tenkt å utvide med er ikkje i samsvar med kommuneplan for Hemsedal 2011-2023, planid: 2011001. 2. Etablering av eit nytt og større område for fritidsbebyggelse innanfor LNF-formål må jf. vedteke næringsplan avklarast gjennom overordna plan.

5/16	Planførespurnad §12-8 - endring av detaljreguleringsplan GolfAlpin II	Vedtak Hemsedal kommunestyret tilrår med heimel i plan- og bygningslova § 12-8 at det vert sett i gang omregulering av GolfAlpin II med følgjande rammar for planarbeidet: - Gjennom ny plan må tomteplassering vurderast på nytt i høve til landskap, terreng, innkøyring til enkelttomter og infrastruktur - Grad av utnytting må revurderast - Konkret tal på tomter må vurderast gjennom planarbeidet - Eventuell problemtikk i høve til møteplassar vinterstid og snølagring ved brøyting må vurderast for heile hovudvegen, trafikktryggleik i høve til born og unge må vere eit tema - Korridorar/stiger/løyper til friluftsområda i nord må sikrast - Endring av bruk av avkøyring til rv. 52 må avklarast - VA-plan må reviderast - Utbyggingsavtale må reforhandlast.
6/16	Hemsedal Ungdomsråd - val av kommunal representant og vararepresentant for perioden 2015-2019	Vedtak Medlem og varamedlem til Hemsedal ungdomsråd for perioden 2015-2019: Medlem Janne Brøndbo Varamedlem Pål Rørby
7/16	Sparebank1 Hallingdal Valdres - val av medlem til Sparebankstiftelsen Hallingdal	Vedtak Per Magnar Tømmervold blir valt frå Hemsedal kommune som medlem i representantskapet til Sparebankstiftelsen Hallingdal for perioden 2015-2019.
8/16	Skatteoppkreveren i Hallingdal - val for perioden 2015-2019	Vedtak Medlemmer til styret for Skatteoppkreveren i Hallingdal og felles klagenemnd for Skatteoppkreveren i Hallingdal for perioden 2015-2019: Styret for Skatteoppkreveren i Hallingdal Medlemmer Odd Holde, Marit Foss Varamedlemmer Olav Syversbråten, Maria Jartman Felles klagenemnd for skatteoppkreveren i Hallingdal Medlem Inger Lill Solberg Varamedlem Anne Marit Hov
9/16	Godkjenning av protokoll frå møte i kommunestyret 04.02.2016	Vedtak Protokoll frå møte i kommunestyret 04.02.2016 blir godkjent
10/16	Meldingar til møte i kommunestyret 10.3.2016	Vedtak Kommunestyret har ingen merknad til meldingen
11/16	Kommunereform-vidare arbeid	Vedtak Hemsedal kommunestyre ser ingen grunn til å endre kommunestrukturen då grunnlaget for å vidareutvikle seg som eigen kommune fullt ut er til stades.
12/16	Energimerking og EPC gjennomføring av kommunale formålsbygg	Vedtak Saka blir utsatt for å gjere ei betre utgreiing og vurdering av resultat av Fase 1 og om kommunen skal gå inn i Fase 2. Der i ligg korleis garantiane skal dokumenterast og kven som skal kvalitetssikre eventuelle innfridde garantiar.
13/16	Konsekvensar og moglegheiter ved privat barnehagedrift	Vedtak Hemsedal kommune tilrår ikkje at kommunen går inn med finansiering til drift av privat barnehage Hemsedal kommune vil halde fram arbeidet i samsvar med Kommunestyret sitt vedtak september 2015, der det vart vedteke kommunale barnehagar på Tuv og Ulsåk. Hovudutval for Livsløp ber administrasjonen dobbelsjekke faktagrunnlaget og talmaterialet som ligg til grunn for saksutgreiinga, før saka går til Kommunestyret Tilsvar på spørsmål frå Hege Austheim Jacobsen (V)/Livsløp ligg ved som vedlegg til protokollen. Opningstid i barnehagen Hemsedal kommune ynskjer å vurdere om ein bør utvide opningstidene i kommunale barnehagar frå kl. 7.30-16.30 til kl. 7.00-17.00.

14/16	Heimskar - 2015003 - detaljreguleringsplan - planførespurnad	Vedtak Hemsedal kommunestyre vil med heimel i plan- og bygningslova § 12-8 rå til at det vert fremma privat detaljreguleringsplan for Heimskar med følgjande rammar for planarbeidet: - Kartlegging av tilstandsklassen for Attjern må utarbeidast og vurderast før ein legg opp til fortetting - Rapporten for tilstandsklassen for Attjern vil danne grunnlag for VA-plan i område. Tilstandsklassen avgjer behov for oppryddingstiltak. - Planavgrensing må sjåast på i forhold til tilstandsklasserapporten for Attjern og VA-løysingar for område - Tomteplassering og tall på nye tomter må vurderast i høve til landskap, terreng, omsynssone for kulturmiljøet, infrastruktur og VA-plan - Tal på nye tomter skal ikkje overstige 4 nye tomter - Det vert sikra 50 m byggegrense langs vassdrag - Det vert sikra korridorar/stigar til vassdraget Planførestillar sett i gang planarbeidet på eige ansvar og utfallet om godkjenning av arbeidet er ikkje gitt
15/16	Planførespurnad - detaljreguleringsplan for bustadfelt B9 på Tuv	Vedtak Hemsedal kommunestyret tilrår at det vert sett i gang regulering av BU9 avgrensa i kommuneplan, i tillegg til del av eksisterande bustadareal innanfor gjeldande reguleringsplan for Tuv II (planID 1983003) med følgjande rammar for planarbeidet: - Kommunen tek sin del av plangebyret for planen, f.t kr. kr 68 740 / 2 = kr. 34 370,- - Konkret tal på einingar må vurderast gjennom planarbeidet - Plangrensa fylgjer inn til grensa mot dyrka mark og parallelt med grensa til BU9 vidare mot nord – aust.
16/16	Prinsippsak om privat utvikling av bustadfeltet BU9 på Tuv	Vedtak Hemsedal kommunestyre er positiv til at privat utbyggjar kan planleggje og utvikle BU9, med avgrensing som sett i K-sak 15/16 (Plangrensa fylgjer inn til grensa mot dyrka mark og parallelt med grensa til BU9 vidare mot nord – aust). Vilkår for utvikling av området i privat regi må vere at det vert laga ein felles reguleringsplan for BU9 og dei tomtene på bustadfeltet på Tuv som kan frigjevast frå drikkevassklausulering. Det er og ei føresetnad at reguleringsplanen avklarar eventuelle nødvendige tilhøve knytt til trafikk og vatn-/avløpsplan for området. Det vert øyremerkast inntil kr. 100.000,- frå formannskapets disp., som skal dekke kommunen sine omkostningar til utsjekk av drikkevassklausulering, og del av felles VA-plan for området. Privat utbyggjar får halvt behandlingsgebyr på detaljreguleringsplanen sidan kommunen har eigeninteresse ved at det vert laga ein felles plan i område. Kommentar; Det er gjennomført ei Hydrogeologisk vurdering av sone 2 – som er klausulert i høve ny hovuddrikkevasskjelde for Hemsedal. Asplan Viak kan ikkje tilrå kommunen å fortette med fleire tomter i sone 2, sjå eigen rapport. Privat utbyggjar fortsett planprosess for BU9. For å kunne tillate boligbygging må det gjerest nærmere undersøkelser av grunnvanns-strømningen mellom planlagt boligområde og brønnområdet. Dette vil avklare om grunnvann strømmar fra planlagt boligområde og mot brønnområdet og eventuelt hvor lang tid grunnvannet bruker på denne strekningen. Resultatet av disse undersøkelser vil så avklare om grensen for sone 2 kan endres eller om det kan lempes på gitte restriksjoner mot utbygging. Et annet alternativ er å flytte brønnområdet på vestsiden av Mørkedøla. Hvis det her påvises gode forhold for grunnvannsutttak, vil dette kunne frigi betydelige arealer for boligbygging som i henhold til dagens klausuleringsplan ligger innenfor sone 2. Vidare tiltak vert innarbeide i økonomiplan for 2017- 2020.

17/16	2. gongs handsaming og eigengodkjenning av detaljreguleringsplan for Hestehaugane	Vedtak Hemsedal kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova si §§ 12-4 og 12-12 detaljreguleringsplan for Hestehaugane (planID 2014003) med følgjande endringar: Plankart: Avsatt område for nytt renseanlegg må tas ut og erstattes med en bestemmelse om mulighet for å legge renseanlegg i LNF-området. Føresegner: - Punkt 2.1 Rekkefølgekrav: Det skal foreligge godkjent utsleppsløyve før det kan gis igangsettingsløyve for bygg og anlegg. - Nødvendige grunnundersøkelser og hydrogeologiske beregninger skal gjennomføres i forbindelse med detaljprosjekteringen Punkt 3.1: BYA vert sett til 186m2 m2 inklusive 36 m2 til utvendig parkering. - Punkt 5.1 Friluftsmål: renseanlegg kan plasseres innenfor formålet. - Endring punkt 2.3: Krav til byggesøknad: Søknad om tillatelse til tiltak skal inneholde situasjonsplan i målestokk minst 1:500. Situasjonsplanen skal gjøre rede for adkomst, veier, parkering, støttemurer m.m. Plassering av bygninger skal målsettes fra grenser eller kjente punkt. Terrengprofiler for eksisterende og nytt terreng skal vises på fasadetegninger, fra tomtegrense til tomtegrense. I tillegg må profilene vise terrengtilpassing av veier og parkering på tomte. Terrengprofilene må kontrollmåles i terrenget om ikke tomte er tilnærma flat
18/16	Godkjenning av protokoll frå møte i kommunestyret 10.03.2016	Vedtak Protokollen blir sendt ut på e-post til representantane for godkjenning. Frist for godkjenning er innan måndag 14.3.2016 kl. 12. På første side i protokollen skriv ein at: Protokollen er godkjent av representantane per e-post i etterkant av møtet.